

Foreldremøte

1. og 2. trinn

Måndag 21. september

(8 heimar møtte)

KLASSEMILJØ

Klassen:

Ein snill og grei klasse, har lært seg mange rutinar og veit korleis ting fungerer på skulen. Dei har skjønt at eg må arbeida med den ein klassen medan den andre klassen arbeidar sjølvstendig, dette sia eg ikkje har delingstimar. Dei fungerer fint i lag. Me har enno litt ekstra leiketid, då det er hardt for dei å måtta konsentrera seg heile dagen.

Trivselsreglane

Heng på skåpet, elevane sjølve har fått utdjupa kva dei 5 hovudreglane me har betyr. Eg har skrive det ned og hengt det opp under kvar regel. Er det noko eg treng å minna dei på, viser eg dei reglane, og snakkar litt om dei.

Målark

Ulike praktiske og sosiale ferdigheter elevane skal meistra. Me går gjennom desse felles, elevane får klistremerke på det dei og eg meiner dei meistrar. Det som ikkje meistrast, sit me dato på, og så skal dei arbeida til neste veke med å greia, og få klistremerke på rett stad.

Zippys Venner

Eit opplegg for sosial meistring. Eg skal på kurs neste veke om det, og då vil eg gje dykk info om det seinare.

Hemmeleg ven.

Elevane får kvar sin hemmelege ven som dei skal gjera noko godt for og skriva kort til. Så les eg opp korta og gjev elevane sitt kort som dei får med seg heim.

Sosiale småaktivitetar.

Aktivitetar der elevane gjer ting i lag, parvis, større eller mindre grupper. Dette for å verta kjent med kvarandre, å våga å gjera ting i klassen og til variasjon i timane. «Spegel». Er ein slik aktivitet. Elevane arbeidar parvis. Den eine viser kva den andre skal gjera, så byter dei.

Smålærer og andre ansvarsoppgåver.

Elevane får vera smålærer etter tur, Dei får då koma fram og ta dagplanen i lag med meg. Dei spør kva dag, dato, årstid m.m. og den som veit det får svara.

På denne måten lærer dei å stå føre klassen og snakka, og dei andre elevane får og vera med i dialogen. Dei likar godt dette, og brukar å finna ut kor lenge til det er til deira tur.

Ansvarsoppgåvene på ansvarshjulet går og sin gang, og det er viktig at eg gjev rom for tid til å utføra dei. Elevane likar ansvar.

Skulekvardagen/fag

Me byrjar med «Dagplanen» som eg har vist ovanfor. Etter kvart som timane går, tek me vekk ein og ein time, slik at dei veit kor langt dagen lid. Eg har og ei klokke eg stiller på neste pause under skuleklokka, då veit dei kortid det skjer noko nytt.

Så er det arbeidsøkt på den eine klassen medan den andre får gjennomgang av nytt stoff. Eg har prøvd å leggja det som går an av matte og norsk til dei første timane og ta lettare fag til slutt.

Me har luftepause kl. 09.00 og kl. 13.10 (ca.), og då sprett dei litt på skuleplassen eller i skuret ved regn. Elles er friminutta 9.45 -10.00 og 11.00-11.25. Me et frå 10.40 til 11.00.

Leseopplæring, 1. klasse

Bokstavprogram:

Videosnutt (10 min) om den nye bokstaven.

Bokstaven har namn og lyd, vokal eller konsonant.

Me lyttar ut lyden i ord: Er lyden først , midt i eller sist i ordet?

Me skriv bokstaven i bokstavhus på tavla, med rett plassering og rett skriveretning, liten og stor bokstav.

Me modellerar bokstaven, let dei skriva med fingeren oppå modellbokstaven for å få kjenna bokstaven.

Bokstavhefte med ulike øvingar med den nye bokstaven.

Lesing

Me les med bokstaven sin lyd.

Me syng bokstavane saman - utan opphald mellom dei, når me skal lesa.

Me øver på å lesa heile ord - t.d. ordet «og», slik at dei kan ordet berre med å sjå det, ikkje lesa det.

Viktig at foreldra sit med eleven når dei gjer leksene. De kan veileda dei både i skriving og lesing, oppmuntra og ha ei fin stund saman med eleven. Ver obs på dei nemnde punkta over når de veiledar.

De er svært viktig at de øver leseleksene kvar dag med eleven. Det vil gjera at eleven vert mykje flinkare å lesa enn om de ikkje øver med han/ho.

Øv gjerne saman først, så kan eleven prøva litt åleine etter kvart.

Få eleven til å verta merksam på skilt, tekst som står på stader han ferdast (Milo, Omo, osb.)

Temafaga

Her går det mest i forteljing, teikning og samtale.

Praktiske fag

Gym annakvar måndag, leik annakvar fredag. Uteskulen har div. fag i seg, mellom anna difor me ikkje har gym kvar veka. Kunst og handtverk kvar veke med «vekas kunstnar», der elevane etter tur får velgja sitt bilete og hengja det opp på kunstnarplassen på veggen. Etter ei veke får elevane vurdere biletet, kva som er fint med biletet og kvifor, i tillegg til å sei noko om kva dei tenkjer /føler når dei ser biletet.

Symjing

Krava i læreplanen er store, så ein oppmodar foreldra om å gå i bassenget med elevane og øva.

Ressursdagar

Elevane får tilbod om å verta observert av ulike fagpersonar for å oppdaga ting dei treng hjelp til på eit tidleg tidspunkt. Det har vore psykolog, fysioterapeut, spesialpedagog og helsesøster på dei tidlegare observasjonane me har hatt. Det har fungert fint dei gongane me har hatt slike besøk. Elevane får beskjed om at me får nokre personar inn i klassen, at dei skal sjå kor kjekt me har det og korleis me arbeidar. Dei skal ikkje tenkja på at dei sit der.

Vanlegvis oppdagar fagpersonane det me sjølv har oppdaga, men det kan vera greitt å få ting bekrefta eller avkrefta. De får eit skjema det skal gje attendemelding til skulen om de ynskjer å vera med på dette eller ikkje.

På slutten av året skal elevane kunna lesa korte setningar og skriva ord, me skal ha ein kartleggjingsprøve.

Matematikk

Me sorterar , tel, ser på former og mønster, arbeidar med måling , former og figurar og lærer tala frå 0-20.

Øva praktisk med teljing av ting rundt dei, slik at dei får begrep om kva t.d. 5 er .

Øva på å sortera ting (etter farge, form, storleik og kva som skil dei frå kvarandre.

Øva tid (morgn, kveld, veke, månad og liknande).

Øva enkle klokkeslett.

Samanlikna lengder på uformelle måtar, t.d. leggja 2 like lengder attmed kvarandre.

Laga enkle søylediagram.

Øva begrep om stor – liten, minst – størst og liknande.

Viktig å øva teljing, rekkjefølgje, tal før og etter.

Kjenna pluss , minus og er lik –teiknet.

Kunna tiar-vener.

Målprøve 1. og 2. klasse

Me har ein prøve på nokre av måla som står på vekeplanen annakvar fredag. Av og til kort , nokre gongar lengre. Eg sender prøven heim til underskrift når eg har retta han. De sender han attende med underskrift.

Veiledda lesing

Klassen er delt i grupper etter nivå i lesing. Me har 4 stasjonar med varierte oppgåver som elevane stort sett meistrar åleine. Elevane har 15 min på kvar stasjon. Den eine stasjonen er lesestasjon. Der er læraren og styrer kva elevane skal lesa og kva me skal øva på . T.d. øva på å gjenkjenna ordet «og» utan å lesa det, eller øva på å gjenkjenna ord og setningar. Lesetrening og trening på lesestrategiar.

SOL

Ein reiskap til å kartleggja kvar eleven står i lesinga si. Me kartlegg og set inn tiltak etter kva som må til for å få dei vidare.

Leseleksene er svært viktige, og de som foreldre kan gjera ein god jobb i å få eleven til å stiga nokre hakk i lesedugleiken med å øva med eleven kvar dag.

Matte

1. kl Vart teke opp på 1.kl-infomøtet.

2. kl Tala frå 0-100, pluss og minus,

Viktig å verta sikker på einar og ti-ar plassen, einarar og tiarar, tiar og tjuarvener

Hjelp til med leksene, øv teljing, mengder , tiarvener , tjuarvener, pluss og minus.

Kartleggjingsprøvar

Desse kjem i april/mai, i norsk og matte.

Årsplanar

Desse vil de finna på it`s learning.

Brukarnamn: 1.-2.trinn

Passord: livsdisiplar

Årsplanane har læringsmål. Årsplanane i matte, norsk og engelsk har og kriteriar for å oppnå desse.

Elevane skal **vurdere** seg sjølv og kvarandre.

Timane

I timar der det er naturleg å gjera det vert målet for timen snakka om i byrjinga av timen og på slutte snakkar me om korleis det gjekk, om me nådde målet.

Dette for å gjera elevane medvitne på kva dei skal læra, og få dei inn i tankebanene om å ha fokus på læring.

Samarbeid heim skule og forventningar til skulen, heimen og eleven.

Læringa til eleven er eit samarbeid mellom heimen og skulen. Viktig at heimen hjelper med leksene og fortel eleven at skulen og skularbeidet er viktig, og at info går begge vegar. Heimen er ein svært viktig del i eleven si læring.

Ref.

Liv O. Vetås

